

Prop. 205 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i pengespilloven (endring av tippenøkkelen m.m.)

*Tilråding frå Kulturdepartementet 4. oktober 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinhaldet i proposisjonen

Kulturdepartementet legg med dette fram eit forslag til lov om endringar i lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespill m.v. (pengespilloven).

Regjeringa ønskjer å endre fordelingsnøkkelen for overskotet frå pengespela Norsk Tipping AS tilbyr (tippenøkkelen) for å styrke idretten og kulturförmål utanfor statsbudsjettet.

Etter gjeldande tippenøkkel går 47,9 pst. av speleoverskotet frå Norsk Tipping AS til idrettsformål, 34,1 pst. til kulturförmål og 18 pst. til samfunnsnyttige og humanitäre formål. Stortinget fordeler 19,5 pst. og Kongen 14,6 pst. av midla til kulturförmål.

Departementet foreslår å fordele speleoverskotet frå Norsk Tipping AS etter ny tippenøkkel i 2014 med 56 pst. til idrettsformål, 14,9 pst. til kulturförmål utanfor statsbudsjettet, 11,1 pst. til kulturförmål (som blir bokfört på inntektssida i statsbudsjettet) og 18 pst. til samfunnsnyttige och humanitäre organisationer.

Forslaget i lovproposisjonen er i samsvar med forslag til vedtak til løyving i Prop. 1 S (2013–2014).

Departementet legg også fram forslag om å fordele heile overskotet frå Norsk Tipping sitt nye spel, Nabolaget, mellom samfunnsnyttige och humanitäre organisationer i ein overgangsperiode på fire år.

2 Bakgrunnen for endringsforsлага

2.1 Idrettens del av speleoverskotet

I Meld. St. 26 (2011–2012) *Den norske idrettsmodellen* uttalte Kulturdepartementet følgjande:

"Regjeringen går inn for å endre bestemmelsen i pengespilloven som regulerer fordelingen av overskuddet fra Norsk Tipping AS, den såkalte tippenøkkelen. Regjeringen vil styrke idretten og det frivillige kulturlivet ved å gi disse en større andel av Norsk Tippings overskudd som fordeles etter Kongelig resolusjon.

Regjeringen legger til grunn at det skal utvikles en ny tippenøkkel med sikte på at speleoverskuddet fra Norsk Tipping AS skal fordeles med 64 prosent til idrettsformål, 18 prosent til kulturförmål och 18 prosent til humanitäre och samfunnsnyttige organisationer. Endringen vil gjennomføres gradvis etter beslutninger i det enkelte budsjettåret. En endring i tippenøkkelen er begrunnet med at økt ressursgrunnlag er nødvendig for å sikre god måloppnåelse innenfor den statlige idrettspolitikken. Særlig gjelder dette i forhold til idrettsanlegg.

Spillemiddeltilskuddet til idrettsanlegg i kommunene har kommet mer och mer i utakt med behovet, uttrykt gjennom prioriteringer och söknader fra kommunene (jf. kapittel 6).

En ny tippenøkkel vil gi et bedre grunnlag for bygging og rehabilitering av anlegg lokalt, vil styrke arbeidet med å utvikle barne- og ungdomsidretten og vil intensivere innsatsen for et godt aktivitetstilbud til personer med nedsatt funksjonsevne og personer som i dag i liten grad er fysisk aktive. Tiltak for tilrettelegging for egenorganisert fysisk aktivitet og friluftsliv vil også styrkes.”

I samsvar med dette la regjeringa fram følgjande forslag i budsjettproposisjonen for 2013 (Prop. 1 S (2012–2013)):

”Stortinget samtykker i at fordelingen av Norsk Tippings AS’ overskudd fra og med 2015 endres slik at 64 pst. skal fordeles til idrettsformål, 18 pst. til kulturformål og 18 pst. til samfunnssnyttige eller humanitære organisasjoner som ikke er tilknyttet Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité. Midlene til kulturformål skal fordeles av Kongen.”

Stortinget gjorde i Innst. 14 S (2012–2013) vedtak i samsvar med forslaget fra regjeringa. Som første steg i å fase inn ny fordelingsnøkkelen blei overskottet fra Norsk Tipping AS i 2013 fordelt med 47,9 pst. til idrettsformål, 14,6 pst. til kulturformål utanfor statsbudsjettet, 18 pst. til samfunnssnyttige og humanitære formål, medan 19,5 pst. blei ført på inntektssida i statsbudsjettet.

Som andre steg i å fase inn den nye fordelingsnøkkelen foreslår departementet å fordele overskottet fra Norsk Tipping AS i 2014 med 56 pst. til idrettsformål, 14,9 pst. til kulturformål utanfor statsbudsjettet, 18 pst til samfunnssnyttige og humanitære formål, og at 11,1 pst blir ført på inntektssida i statsbudsjettet.

2.2 Om Nabolaget

Departementet foreslår ei endring i pengespilloven § 10 for å sikre at overskottet fra spelet Nabolaget i ein overgangsperiode fra 2014 til og med 2017 utelukkande kjem samfunnssnyttige og humanitære organisasjoner til gode, slik at desse organisasjonane får naudsynte inntekter i ein omleggingsperiode.

Norsk Tipping AS inngjekk i 2011 ei avtale med ti humanitære organisasjoner (10H) om lansering og drift av eit eller fleire landsomfattande spelkonsept gjennom Norsk Tipping sine kanalar. Dei ti humanitære organisasjonane er Norges Røde Kors, Redningsselskapet, Handikapforbundet, Kreftforeningen, Landsforeningen for hjerte-

og lungesyke, Blindeforbundet, Flyktningehjel- pen, Redd Barna, Nasjonalforeningen for folkehelsen og Norsk Folkehjelp. Desse organisasjonane skulle etter avtala motta ein stor del av overskotet frå dei framtidige spela. Avtala skulle opphavleg gjelde fram til 31. desember 2016. For å verne om einerettsmodellen og sikre ei rettferdig fordeling av spelemiddel oppmoda departementet partane om å avvikle avtala. Partane blei i juni 2013 samde om å oppheve avtala.

Nabolaget var eit av spela som inngjekk i avtala mellom Norsk Tipping og 10H. Etter at avtala falt bort, fekk Norsk Tipping løyve frå departementet til å starte opp Nabolaget som eit spel i den ordinære porteføljen til selskapet. I ein overgangsperiode fra 2014 til 2017 legg departementet likevel opp til at ein del av overskotet frå spelet Nabolaget blir øyremerka 10H.

Dei samfunnssnyttige og humanitære organisasjonane som i dag mottek spelemiddel frå overskottet til Norsk Tipping er organisasjonar som tidlegare hadde inntekter frå gevinstautomatar. Ein rekke organisasjonar som av ulike årsaker ikkje mottok inntekter frå slike automatar kan ikkje få spelemiddel etter gjeldande vilkår. Departementet har vurdert at ei slik ordning ikkje er rimeleg på lang sikt. Departementet har derfor endra forskrifter som regulerer kven som kan få desse midla.

Fram til 2018 gjeld ei overgangsordning for organisasjonane som mottar spelemiddel i dag. Departementet meiner at organisasjonane som ikkje mottar spelemiddel i dag bør få komme inn i ordninga allereie i overgangsperioden. Departementet foreslår derfor at ein del av overskotet frå spelet Nabolaget skal komme desse organisasjonane til gode i åra fra 2014 til 2017.

Departementet foreslår at dei nærmare reglane om fordelinga av overskottet frå Nabolaget mellom dei samfunnssnyttige og humanitære organisasjonane blir fastsette i forskrift.

3 Høyring

3.1 Høyring av endringa av tippenøkkelen

Endringa av tippenøkkelen har ikkje vore på høyring. Departementet vurderer ei høyring som openbert unødvendig i og med at endringa blir fastsett av Stortinget i samband med statsbudsjettet. Vidare er det berre staten som vil lide økonomisk tap som følge av dei foreslalte endringane. Organisasjonane og laga som mottek spelemiddel i dag vil anten stå uforandra eller nyte godt av økte overføringer frå tip-

penøkkelen samanlikna med gjeldande fordelingsnøkkel.

3.2 Høyring av fordeling av overskotet frå spelet Nabolaget

Departementets forslag

Departementet la spørsmålet om fordeling av overskotet frå spelet Nabolaget i ein overgangsperiode ut på høyring 30. april 2013 som ledd i ei høyring av andre endringar i fordelinga av tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Forslaget vart sendt til alle relevante høyingsinstansar, totalt om lag 430. Departementets forslag inneber at halvparten av overskotet frå spelet Nabolaget i overgangsperioden frå 2014 til 2017 skal gå til 10H og at den andre halvparten skal gå til organisasjonar som ikkje mottar spelemiddel i dag, men som vil oppfylle dei nye vilkåra for å kunne få spelemiddel.

Merknader frå høyingsinstansane

10H støttar i sitt høyringssvar at spelet Nabolaget bli øyremerket dei samfunnsnyttige og humanitære organisasjonane, men ønskjer at dette skal bli ei permanent løysing. Desse organisasjonane støttar også ei fordeling der halvparten av overskotet frå spelet går til organisasjonane i 10H og halvparten til organisasjonar som blir fasa inn i ordninga som ein konsekvens av nye vilkår for ordninga.

Norske kvinner sanitetsforening, Hørselshemmedes landsforbund, Diabetesforbundet, Astma- og allergiforbundet, Norsk Epilepsiforbund, Norsk revmatikerforbund, MS-forbundet, Foreningen for hjertesyke barn, ADHD Norge, Norges Parkinsonforbund, Mental Helse og Cerebral Parese-foreningen uttalar i eit felles høyringssvar at den gjeldande fordelinga av middel øyremerka samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar er ei kompensasjonsovergangsordning. Ei ny overgangsordning legg opp til ytterlegare favorisering av nokre organisjonar. Desse høyingsinstansane er derfor

kritiske til at 10H skal få halvparten av overskotet frå spelet Nabolaget i overgangsperioden.

Landsforeningen for uventet barnedød, International Order of Good Templars, Lions Club meiner alle at overgangsperioden som er foreslått er for lang. Øvrige høyingsinstansar hadde ikkje merknader.

Departementets vurdering

Departementet meiner at ei god overgangsordning er nødvendig for å sikre at 10H får tid til å omstille seg. Organisasjonane i 10H har rekna med inntekter frå sin avtale med Norsk Tipping som nå er avslutta. For å sikre 10H føreseielege økonomiske rammevilkår dei neste åra, meiner departementet at det er rimeleg at desse organisasjonane får ein øyremerket del av overskotet frå Nabolaget. Departementet meiner òg at det er føremålstenleg at organisasjonar som ikkje mottar middel i dag, men som vil oppfylle dei nye vilkåra for å kunne få spelemiddel i framtida, blir fasa inn i ordninga i overgangsperioden.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei økonomiske konsekvensane av forslaget om å auke idrettens del av speleoverskotet frå Norsk Tipping går fram av Prop. 1 S (2013–2014). Forslaget har ikkje administrative konsekvensar.

Spelet Nabolaget er ennå ikkje sett i verk. Det er derfor ikkje mogeleg å slå fast kva overskotet frå spelet vil bli dei nærmaste åra. Frå og med utbetalinga i 2018 vil overskotet frå spelet bli fordelt til alle overskotsmottakarar i samsvar med den ordinære tippenøkkelen.

Kulturdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i pengespilloven (endring av tippenøkkelen m.m.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i pengespilloven (endring av tippenøkkelen m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i pengespilloven (endring av tippenøkkelen m.m.)

I

I lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespill m.v.
blir det gjort følgjande endringar:

§ 10 andre ledd skal lyde:

Overskuddet fra spillevirksomheten i selskapet og datterselskap fordeles med 56 *pst.* til idrettsformål, 26 *pst.* til kulturformål og 18 *pst.* til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjoner som ikke er tilknyttet Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité. Midlene til idrettsformål og samfunnsnyttige eller humanitære organisasjoner som ikke er tilknyttet Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, fordeles av Kongen. Av midlene til kulturformål fordeles 11,1 *pst.* av Stortinget og 14,9 *pst.* av Kongen.

§ 10 nytt femte ledd skal lyde:

Overskuddet fra spillet Nabolaget for spilleårene 2013 til og med 2016 kan i perioden 2014 til og med 2017 utbetales til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjoner som ikke er tilknyttet Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité og som kan motta midler etter andre ledd. Kongen kan i forskrift fastsette nærmere regler for utbetaling og fordeling.

II

1. Lova tek til å gjelde 1. januar 2014.
2. Føresegna i pengespilloven § 10 nytt femte ledd vert oppheva 1. januar 2018.